

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg
Dato: 25.11.2025
Tidspunkt: kl. 15:00 - 17:15

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen

Forfall

Geir Stenseth
Åse Marie Myren

Andre som møtte

Steven Hasseldal
Synnøve Vasstrand Synnes sak 42/25
Terje Gundersen-Røvik
Ola Godø Andersen sak 42/25
Solveig Kvamme

Møtande varamedlem

Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Stilling

Kommunedirektør
Kommunalsjef helse
Møre og Romsdal Revisjon SA
Møre og Romsdal Revisjon SA
Seniorrådgivar SKS IKS

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

PS 41/25	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 42/25	Rapport forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning og arbeidsmiljø
PS 43/25	Bestille prosjektpplan forvaltningsrevisjon 2026
PS 44/25	Møteplan 2026 Ålesund kontrollutval
PS 45/25	Meldingar og skriv
MS 22/25	Kommunen si oppfølging etter tilsyn ved Nav Ålesund
MS 23/25	Eigarmøter i selskap

PS 41/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 41/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Protokolltilførsel fremma av leiar:

Utvalet meiner at det er uheldig at sakspapira vert publisert utan vedlegg på kontrollutvalet si heimeside, etter at Møteportalen vart tatt i bruk.

Utvalet ber om at Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS legg fram ein plan for å løyse dette, til neste møte i kontrollutvalet som er 03.02.2026.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 42/25 Rapport forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning og arbeidsmiljø

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 42/25 Vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til rapport frå forvaltningsrevisjon av personalressursforvaltning og arbeidsmiljø under omstillingsprosessar i helse og omsorg.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak for å
 - a. styrke den sentrale koordineringa av arbeidet med rekruttering og kompetanse
 - b. avgjere form på, og gjennomføre, arbeidsmiljøundersøkingar i tråd med arbeidsmiljølova
 - c. vurdere behovet for meir einsarta leiaravtaler som tydeleggjer gjensidige krav og forventningar i leiarrolla på tvers av organisasjonen
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og vurdere tiltak for å

- a) etablere et system for medarbeidersamtaler som sikrar at alle leiarane gjennomfører samtalanane
 - b) evaluere rutiner for informasjon ved omstilling
 - c) utarbeide eit system for evaluering av omstillingstiltak og integrere dette i internkontrollsystemet
4. Rapportere til kontrollutvalet med ein skrifteleg plan for oppfølging av desse punkta, seinast ved utgangen av februar 2026.

Behandling i møtet

Nytt felles forslag, foreslått av Svein Rune Johannessen:

1. Kommunestyret sluttar seg til rapport frå forvaltningsrevisjon av personalressursforvaltning og arbeidsmiljø under omstillingsprosessar i helse og omsorg.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak for å
 - a. styrke den sentrale koordineringa av arbeidet med rekruttering og kompetanse
 - b. avgjere form på, og gjennomføre, arbeidsmiljøundersøkingar i tråd med arbeidsmiljølova
 - c. vurdere behovet for meir einsarta leiaravtaler som tydeleggjer gjensidige krav og forventningar i leiarrolla på tvers av organisasjonen
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og vurdere tiltak for å
 - a) etablere et system for medarbeidersamtaler som sikrar at alle leiarane gjennomfører samtalanane
 - b) evaluere rutiner for informasjon ved omstilling
 - c) utarbeide eit system for evaluering av omstillingstiltak og integrere dette i internkontrollsystemet
4. Rapportere til kontrollutvalet med ein skrifteleg plan for oppfølging av desse punkta, seinast ved utgangen av februar 2026.

Forvaltningsrevisor Ola Andersen Godø presenterte rapporten og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet hadde.

Kommunedirektør Steven Hasseldal og kommunalsjef Synnøve Vasstrand Synnes fekk gje sine kommentarer.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet ber om at rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 personalressursforvaltning og arbeidsmiljø under omstillingsprosessar i helse og omsorg, vert handsama som eiga sak i kommunestyret utan ugrunna opphald.

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til rapport frå forvaltningsrevisjon av personalressursforvaltning og arbeidsmiljø under omstillingsprosessar i helse og omsorg.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og sette i verk tiltak for å
 - a. evaluere erfaringane med tilsettingskontroll, herunder styringsdialogen med verksemdleiarane
 - b. avgjere form på, og gjennomføre, arbeidsmiljøundersøkingar i tråd med arbeidsmiljølova
 - c. utarbeide eit system for evaluering av omstillingstiltak og integrere dette i internkontrollsystemet
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg tilrådingane i rapporten, og vurdere tiltak for å
 - a. styrke den sentrale koordineringa av arbeidet med rekruttering og kompetanse
 - b. etablere et system for medarbeidersamtaler som sikrar at alle leiarane gjennomføre samtalanane
 - c. evaluere rutiner for informasjon ved omstilling
 - d. vurdere behovet for meir einsarta leiaravtaler som tydeleggjer gjensidige krav og forventningar i leiarrolla på tvers av organisasjonen
4. Rapportere til kontrollutvalet med ein skrifteleg plan for oppfølging av desse punkta, seinast ved utgangen av februar 2026.

PS 43/25 Bestille prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 43/25 Vedtak:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan kommunale bustader - forvaltning og tildeling, i Ålesund kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 20. januar 2026.

Behandling i møtet

Område for forvaltningsrevisjonen, foreslått av Svein Rune Johannessen:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan kommunale bustader - forvaltning og tildeling, i Ålesund kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 20. januar 2026.

Utvalet drøfta kva område det skulle bestillast forvaltningsrevisjon på no, og valde å stå ved den prioriteringa som er gjort i Plan for forvaltningsrevisjon.

Utvalet kom med innspel på områder og tematikk i dialog med forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Ålesund kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan i Ålesund kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal Revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Problemstillingane må lagast ut frå dei momenta som kom fram i møtet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Prosjektplanen sendast sekretariatet seinast 14 dagar før møtet, dvs. seinast 20. januar 2026.

PS 44/25 Møteplan 2026 Ålesund kontrollutval

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 44/25 Vedtak:

Møteplan for Ålesund kontrollutval i 2026:

1. møtet: 3. februar
2. møtet: 10. mars
3. møtet: 14. april
4. møtet: 9. juni
5. møtet: 1. september
6. møtet: 27. oktober
7. møtet: 24. november

Behandling i møtet

Kontrollutvalet drøfta tidspunkt for det 6. møtet, og landa på 27. oktober.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Møteplan for Ålesund kontrollutval i 2026:

1. møtet: 3. februar
2. møtet: 10. mars
3. møtet: 14. april
4. møtet: 9. juni
5. møtet: 1. september
6. møtet: 22. september eller 27. oktober???
7. møtet: 24. november

PS 45/25 Meldingar og skriv

MS 22/25 Kommunen si oppfølging etter tilsyn ved Nav Ålesund

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 22/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere leiar i Nav til å gje ei orientering om området sosiale tenester og oppfølging av statsforvaltaren sitt tilsyn, på eit av dei første møta i kontrollutvalet i 2026

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 23/25 Eigarmøter i selskap

Ålesund kontrollutval 25.11.2025

ÅKOU 23/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Sekretariatet informerte om at det til neste møte sannsynlegvis vil kome ein invitasjon frå fylket sitt kontrollutval om ein felles forvaltningsrevisjon av IKA MR i 2026. Fylket og Ålesund er dei to største eigarane.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.